



BIR BEDRIFT AS
Postboks 164 Blomsterdalen
5868 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

BIR Bedrift AS, Lønningshaugen - Oversending av tilsynsrapport, brann i avfallsanlegg

Rapport frå inspeksjon ved BIR Bedrift AS Kontrollnummer: 2020.287.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Eivind Fykse
Kristin Brekke
Trond Atle Paulsen

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Hallvard Hageberg
Kristin Espeset

Frå Bergen Brannvesen:

Bjørnar Drøsdal
Vibeke Gunstensen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved BIR Bedrift AS den 4. og 5 november 2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland og Bergen brannvesen avdekka 4 avvik og ga 0 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Internkontrollen har manglar
- Risikovurderinga for hall for mottak av grovavfall har manglar
- Det er manglar ved kontroll og vedlikehald av brannalarmanlegg
- Mottak og lagring av avfall og farleg avfall er ikkje i tråd med løyvet

Avvik er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Toril Mulen	Kristin Espeset
seniorrådgjevar	senioringeniør
Fylkesmannen i Vestland	

Kopi til:
Bergen Brannvesen
Bergen kommune
Næringslivets sikkerhetsorganisasjon (NSO)

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: BIR Bedrift AS	
Organisasjonsnr.: 980277267	Eigd av: 980253937
Bransjenr. (NACE-kode): 38.100- Innsamling av ikkje-farleg avfall	

Kontrollert eining

Namn: BIR Bedrift Lønningshaugen- mottak og sortering ordinært avfall	Anleggsnr.:
Kommune: Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avfall – mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 11.01.2018	Sist endra: 15.09.2020

Kontrollert eining

Namn: BIR Bedrift Lønningshaugen - mottak farleg avfall	Anleggsnr.:
Kommune: Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Farleg avfall – mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 11.01.2018	Sist endra: 15.09.2020

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadane av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med førebyggjande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadane om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og Fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48, brann- og eksplosjonsvernlova § 13 og forskrift om farleg stoff § 23.

Grunna korona-situasjonen vart tilsynet gjennomført med eigenmelding der verksemda svarte på spørsmål frå ei sjekklister. Etter å ha motteke svaret, gjennomførte Bergen Brannvesen og Fylkesmannen i Vestland ei synfaring for å verifisere dei tilbakemeldingane vi fekk. Tilsynet vart avslutta med eit møte på Teams der sjekklister og moment frå verifikasjonen vart tatt opp.

Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet, miljøstatusen eller brannførebyggjande arbeid i verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart avdekka under synfaringa er også omtalt i rapporten.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen og Bergen brannvesen skal kunne avslutte saka, ber vi om at verksemda innan **1.**

mars 2021 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta, og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Likelydande tilbakemelding skal sendast til både Fylkesmannen i Vestland og Bergen brannvesen. Kvar etat vil etter dette følgje opp avvik etter eige regelverk.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmlvpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Kristin Espeset og Bergen brannvesen (bergen.brannvesen@bergen.kommune.no) v/Bjørnar Drøsdal.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 21.09.2020. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må BIR Bedrift AS betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen har manglar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta

- § 5 første ledd punkt 2 om kunnskap
- §5 første ledd punkt 6 om risikovurdering
- §5 andre ledd punkt 7 om rutinar

Forskrift om brannforebygging

- §12 c) og d)
- §12 c og §13

Kommentar til regelverket:

Kunnskap – Internkontrollforskrifta § 5 første ledd punkt 2 og forskrift om brannforebygging § 12c) og § 13
Verksemda skal sørge for at dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheiter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet, inkludert om brannfaren knytt til arbeidet i avfallsanlegget, utsleppskrav mv. Verksemda skal sette i verk rutinar som sikrar at personar med arbeidsplass i byggverket har tilstrekkelege kunnskapar og ferdigheiter i å hindre og sløkkje brann. Verksemda skal dokumentere at sine plikter har blitt oppfylt.

Behovet for opplæring og øving skal følge av målsettinga og risikovurderinga til verksemda.

Risikovurdering– § 5 andre ledd punkt 6

Verksemda skal kartlegge farar og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Verksemder som kan påverke kvarande eller ha ein samla, negativ verknad på områda rundt verksemdene, må vurdere behov for samordning av internkontroll som del av risikovurderinga etter § 5 andre ledd punkt 6.

Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte og vere del av internkontrollen. Rutinar skal dokumenterast skriftleg og skal sikre at verksemda følgjer krav i miljø- og brannregelverket.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Kunnskap – Internkontrollforskrifta § 5 første ledd punkt 2 og forskrift om brannforebygging § 12 c) og d)
BIR Bedrift AS har ikkje hatt brannøvingar hittil i 2020 og heller ikkje 2019. Det er ikkje systematikk opplæring og øving av alle tilsette. Det har vore fleire hendingar med brann ved anlegget som dei tilsette har vore med å slukke. Enkelte har kurs i varme arbeider som inkluderer sløkkeøving.

Risikovurdering – § 5 andre ledd punkt 6

- Vurdering av brannsikker lagring:
Det er manglar i risikovurderinga som gjeld kartlegging av faren for brann i avfallet.

Risikovurderinga omfattar ikkje vurdering av brannsikker lagring av avfall vurdert opp mot RISE-rapport 2019:61- Branner i avfallsanlegg. Sentrale kapittel er mellom anna 7.1.3 (avfallsmengder, lagringsareal og lagringshøgde) og 7.1.4 (orden og ryddighet).

I RISE-rapporten finn ein desse tilrådingane som må sjåast på som «beste praksis»:
- Maks lagringshøgde på 5 m for bulk-lagring og 4 m for blokk/ball-lagring.

- Maks lagringsareal: Inne: < 300 m² med 5 m separasjonsavstand mellom kvart areal. Ute: < 400 m² lagringsareal med 5 m separasjonsavstand.

Det er ikkje gjort vurderingar av kor store mengder det er forsvarleg å lagre ulike stader på anlegget. Når forsvarleg mengde skal vurderast må ein også ta omsyn til dei arbeidsoperasjonane som skal gå føre seg i same område.

- Lagring av Litiumbatteri: På tilsynsdagen var det lagra ein del ikkje sorterte batteri i plastikkbeholdarar i ein container. Verksemda hadde ikkje risikovurdert om denne lagringa av usorterte batteri er forsvarleg. Verksemda må syte for at det ikkje hopar seg opp større mengder usorterte batteri. Utsorterte Li-batteri vart lagra slik det er anbefalt i vermikulitt.

- Sløkkevatn i resipientar

Innanfor BIR Bedrift AS sitt område i Lønningshaugen 6 vil sløkkevatnet ved ein brann kunne renne i tre ulike retningar:

- Inn på offentleg spillvassnett og vidare til Bergen kommune sitt reinseanlegg på Flesland
- Inn på overvassnett og vidare til resipientar som overvatnet renn ut i
- Ned i ein større kum ved vekta

Det er gjort ei risikovurdering knytta til sløkkevatn, men den gir ikkje ei oversikt over i kva for retningar sløkkevatnet vil renne og konsekvensar knytt til dei ulike avrenningsretningane. Spesielt viktig blir det å vurdere det sløkkevatnet som går til overvassnett. Det må også gå fram korleis verksemda vil handtere oppsamla sløkkevatn vidare.

Brann i avfallsanlegg må sjåast på som ein pårekneleg risiko der det vil kunne skje utslepp av sløkkevatn/brannskum til miljø. Utslepp av sløkkevatn/brannskum vil bli sett på som akutt forureining jf. F-lov § 7 eller § 38.

- Samordning/varsling: Risikovurderinga omfatta ikkje vurdering av behov for samordning av internkontrollen eller varsling av naboar. Verksemda er mellom anna nabo til eit større parkeringshus, Flesland flyplass og eit hotell. Desse naboane har også ein brannrisiko knytt til seg. Verksemdene kan påverke kvarandre, og ha ei samla negativ verknad på området rundt dersom det oppstår brann. Behovet for samordning for å redusere brannfaren og miljøkonsekvensane ved brann må derfor inngå i risikovurderinga.

Avvik 2

Risikovurderinga for hall for mottak av grovavfall har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering
- Brann- og eksplosjonsvernloven § 8 og forskrift om brannforebygging §§ 11 og 12
- Løyve sist endra 15.09.2020.
 - o Punkt 3.2 om mottakskontroll
- Avfallsforskrifta § 11-5

Kommentar til regelverket:

Løyve punkt 3.2

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at avfallet som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Det er krav om at kundane skal informerast om at mellom anna EE-avfall og farleg avfall ikkje skal blandast med anna avfall ved merking av containerar, krav i kontraktar og avtalar, informasjon med vidare.

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering

Verksemda skal kartlegge farar og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Forskrift om brannforebygging § 11 punkt b) om brannsikker bruk av byggverk

Den som har rett til å bruke et byggverk skal unngå unødig risiko for brann.

Forskrift om brannforebygging § 12 om systematisk sikkerheitsarbeid

Ei verksemd som har rett til å bruke eit byggverk skal fastsetta mål og setta i verk planer og tiltak for å redusere risikoen for brann i byggverket.

Avfallsforskrifta §11-5 om forsvarleg oppbevar mv av farleg avfall

Den som har avfall har ansvaret for at farleg avfall ikkje fører til fare for forureining. Farleg avfall skal ikkje blandast med anna avfall.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Hallen var såpass full at det ikkje var mogleg å gjennomføre ein god mottakskontroll eller sortering. Det var ikkje ledig golvplass til å dra utover avfallet ved mottak slik at ein kunne få full oversikt over avfallet og dermed oppdage farleg avfall og EE-avfall som er skjult. Farleg avfall og EE-avfall kan vere kjelde til brannutvikling. Det vil også vere ei kjelde til forureining når det ikkje vert plukka ut av det blanda avfallet.

I hallen var det ein samanhengande avfallshaug som det var vanskeleg å halde oversikt over.

På tilsynsdagen var det nyleg tømt ein container frå eit anna containerfirma (ikkje BIR sine egne) med blanda avfall. I denne containeren var det ei pappeske som var full av EE-avfall. BIR tilbyr EE-avfallsbur når verksemda set ut containerar i burettslag.

BIR Bedrift AS må gjennomføre ei ny risikovurdering og vurdere nye risikoreduserande tiltak i lys av miljø- og brannfaren. Vi viser til punkt 7.1.3 og 7.1.4 i RISE-rapporten som gjeld mengder avfall og avstand, og orden/ryddigheit og merking. Verksemda må også gjere ei ny vurdering av alle forhold rundt mottakskontroll og kontakt med kundar både egne og andre sine.

Avvik 3

Det er manglar ved kontroll og vedlikehald av brannalarmanlegg

Avvik frå:

Forskrift om brannforebygging

- § 5 om kontroll og vedlikehald av bygningsdelar og sikkerheitsinnretningar

Kommentar til regelverket:

Kontroll og vedlikehald - § 5

Eigaren av eit byggverk skal sørge for at bygningsdelar, installasjonar og utstyr i byggverket som skal oppdage brann eller avgrense konsekvensane av brann, blir kontrollert og vedlikehalde slik at dei verkar slik som tiltenkt. Kontrollen skal avklare om sikkerheitsinnretningane oppfyller krava til brannsikkerheit som gjeld for byggverket og om dei fungerer kvar for seg og saman med andre. Kontrollens omfang og hyppigheit skal vere tilpassa sikkerheitsinnretningane og byggverkets størrelse, kompleksitet, bruk og risiko.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Papirhall

I Brannteknisk prosjekteringsrapport for papirhallen, datert år 2006, som er lagt til grunn ved utvidinga av sorteringshall, så kjem det fram kva krav som gjeld for byggverket. Blant anna så skal det for bygget være heildekkjande brannalarmanlegg med direkte varsling til brannvesenet. Det blei informert av verksemda på tilsynet at brannalarmanlegget ikkje gir direkte varsling til brannvesenet. Verksemda informerte at dette er eit kjent forhold som dei for tida jobbar med å utbetre ved planlagt oppgradering av brannalarmanlegget.

Brannalarmanlegget oppfyller dermed ikkje krava til brannsikkerheit som gjeld for byggverket.

Sikkerheitsrapport for årleg kontroll av brannalarmanlegget i papirhall blei lagt fram for kontrollørane under tilsynet. Det er informert at denne gjeld kontroll som utført år 2019. Rapporten er ikkje datert. Kontrollen har avdekkja feil og manglar ved brannalarmanlegget som gjer at anlegget ikkje vil verke som tiltenkt. Det er informert at verksemda ventar på tilbod på oppgradering/utbetring av brannalarmanlegget. Kontrollen har ikkje avdekkja/påpeikt mangelen i forhold til kravet om direkte varsling til brannvesenet (overføring til alarmmottak). Det kjem ikkje fram i kontrollrapporten at det er kontrollert signalutgangar for aktivering av automatisk sløkkjeanlegg, styring av portar, og BB-safe som omtalt i brannteknisk prosjekteringsrapport for papirhallen.

Kontrollen avklarar dermed ikkje om brannalarmanlegget oppfyller krava til brannsikkerheit som gjeld for byggverket og om det fungerer kvar for seg og saman med andre.

Matavfallshall

I brannteknisk notat for matavfallshallen, datert år 2013, så kjem det fram kva krav som gjeld for byggverket. Der er det blant anna angitt at det skal være et system for brannvarsling og elektriske

markeringsskilt (nødllys) over utgangsdører. Det er informert for tilsynet at det ikkje er etablert et brannvarslingssystem i bygget og at det heller ikkje er merka med nødllys, men at dette blir ein del av planlagt oppgradering.

Avvik 4

Mottak og lagring av avfall og farleg avfall er ikkje i tråd med løyvet

Avvik frå:

Løyvet sist oppdatert 15.09.2020

- Vilkår 3.4 om krav til oppsamling og dekke ved forureina avrenning
- Vilkår 3.5 om krav til tak og vegger for nokre avfallstypar
- Vilkår 4.1 omsyn til nærmiljø

Kommentar til regelverket:

Vilkår 3.4 om krav til oppsamling og dekke ved forureina avrenning

Det er krav om at innandørs område skal vere tett, eller koplå til tett tank utan avløp.

Vilkår 3.5 om krav til tak og vegger for nokre avfallstypar

Behandling og handtering, inkludert lagring, som kan føre til fare for lukt, støv, avrenning, samling av fugl, flygeavfall eller anna forureining skal gå føre seg innandørs (bygning med fire vegger og tak) eller i lukka containerar. Verksemda kan velje anna vern eller gjere tiltak for å hindre fare for nemnde forureiningar viss verksemda kan dokumentere at dette gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

Vilkår 4.1 omsyn til nærmiljø

Avfallet skal behandlast, handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande eller fører til fare for lukt, avrenning, samling av fugl, flygeavfall eller anna forureining eller andre ulemper for omgjevnadene. Om nødvendig må tiltak setjast i verk.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

- *Vilkår 3.4 om krav til oppsamling og dekke ved forureina avrenning*
I hall der farleg avfall vart lagra og i sorteringshall var det sluk i golv som var koplå til oljeutskillar.
- *Vilkår 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg, vilkår 3.5 om krav til tak og vegger for nokre avfallstypar og vilkår 4.1 om omsyn til nærmiljø*

Det er ikkje dokumentasjon på at alle aktivitetar som kan føre til forureining og nærmiljøulempar er risikovurdert. Dette gjelde for eksempel:

- Kverning av grovavfall (restavfall frå gjenvinningsstasjonar) utandørs
- Lagring av impregnert trevirke utandørs
- Mottak og kverning av trevirke utandørs

Ved sortering ute kan det vere vanskelegare å oppdage farleg avfall og EE-avfall som er levert saman med anna avfall ved regn, vind og lite lys. Dette kan føre til større fare for at til dømes litiumbatteri i avfallet ikkje vert oppdaga. Utandørs sortering fører også til større fare for flygeavfall og større avrenning frå avfallet enn ved sortering inne. I risikovurderinga med id

463 er flygeavfall knytta til utandørs handtering av blanda avfall frå gjenvinningsstasjonane til BIR tatt opp. Det er plan om bygging av ein større mur i retning av parkeringshuset. Dette vil ikkje løyse problem ved andre vindretningar.

På tilsynsdagen var det ein stor haug med impregnert trevirke og trevirke som var sett inn med kreosot som vart lagra utandørs. Dette kan gi forureinande avrenning.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Industrivern

Verksemda har ikkje etablert industrivern, men arbeider med å få dette på plass. Mellom anna er det plan om å sette opp øvingsplan i tråd med krava for 2021. Næringslivets sikkerhetsorganisasjon (NSO) fører tilsyn med industri som skal ha industrivern. Kopi av tilsynsrapporten vert derfor sendt til NSO som vil vurdere oppfølging av industrivernet.

Nye system er på veg

Verksemda er elles i ein overgangsperiode når det gjeld å ta i bruk nytt verktøy for internkontrollen. Verksemda er også i gang med å vurdere nye system for deteksjon og sløkking av brann. Vidare er verksemda i gang med å utvide området sitt og har planar om å bygge ein ny hall. Verksemda har med andre ord sjølv allereie tatt initiativ for å løyse ein del av utfordringane som går fram av avvika.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Forureiningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging
- Forskrift om farleg stoff